




# Årsrapport 2022

## Helsefellesskap Møre og Romsdal

ETABLERT 2021



## Innhald

INNLEIING.....	2
PARTNERSKAPSMØTE / UTVIDA SAMARBEIDSMØTE.....	2
Partnerskapsmøte.....	2
Utvida samarbeidsmøte.....	3
STRATEGISK SAMARBEIDSUTVAL.....	4
SAMARBEIDSSEKRETERIAT.....	5
LOKALE SAMARBEIDSUTVAL (LSU).....	6
LSU Kristiansund.....	6
LSU Molde.....	7
LSU Volda.....	7
LSU Ålesund.....	8
FAGLEGE SAMARBEIDSUTVAL.....	8
FSU Barn og unge.....	9
FSU Behandlersamarbeid.....	9
FSU psykisk helse og rus.....	9
FSU eldre multisjuka, stormottakarar og palliasjon.....	9
FSU rehabilitering.....	10
FSU vaksenhabilitering.....	10
FSU kunnskapsoverføring, forskning og utdanning, samt praksiskonsulentordninga..	11
FSU svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg.....	11
FSU IKT-løysingar og elektronisk samarbeid.....	11
FSU samarbeid om helsefremmende og førebyggjende helsearbeid.....	12
FSU beredskapsplaner.....	12
FSU akuttmedisinsk kjede.....	12
UTVIKLING OG BEREKRAFT.....	13
Postpandemiske tilpassingar.....	13
UTVIKLINGSPLANAR.....	14
ARBEIDSFORM.....	14
ØKONOMI.....	15
TEKNOLOGI.....	15

## INNLEIING

Som ledd i oppfølginga av Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023 gjorde Regjeringa Solberg avtale med KS om å opprette 19 helsefellesskap med og rundt helseføretaka i Norge. Helsefellesskapa har som mål å styrke samarbeidet mellom kommunar og tilhøyrande helseføretak, slik at pasientane skal oppleve gode og samanhengande pasientforløp mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

Gjeldande samarbeidsavtale mellom Helse Møre og Romsdal og dei einskilde kommunane i fylket tok til å gjelde frå medio 2021. Nytt i denne avtalen var m.a at representantar for fastlegane blei invitert til å delta i dei ulike samarbeidsarenaene i helsefellesskapet. Erfaringane i Møre og Romsdal viser at det har vore verdifulle.

Det er ei forventning om at Helsefellesskapa skal bygge på ein tydeleg samarbeidsstruktur og føre til forpliktande avgjerdsprosessar og tettare samarbeid mellom partnerane, som eit verkemiddel for ein meir heilskapleg nasjonal helsepolitikk.

I løpet av 2022 skifta landet regjering uten å bryte med helsefellesskapsmodellen. Satsing på å styrke samarbeidet om fire spesielt prioriterte pasientforløp vart ført vidare. Dette gjeld barn og unge, alvorlig psykisk sjuke og rus-pasientar, og personar med fleire kroniske lidningar og skrøpelige eldre.

Årsrapporten for 2022 viser aktivitet og korleis Helsefellesskap Møre og Romsdal har arbeidd med å innfri vedtekne målsettingar, i eit år prega av at pandemien blei erstatta av prisvekst og forsyningsutfordringar, og krig i Ukraina.

Les meir på nettsida til [Helsefellesskap Møre og Romsdal](#).

## PARTNERSKAPSMØTE / UTVIDA SAMARBEIDSMØTE

I tråd med samarbeidsavtalen vart det gjennomført 2 møter – Partnerskapsmøte 11/5-2022 og Utvida samarbeidsmøte 26/10-2022. I Partnerskapsmøtet deltek valde representantar etter bestemmingane i samarbeidsavtalen, medan det i Utvida samarbeidsmøte gir høve til breiare deltaking frå politisk nivå, administrative leiarar og tillitsvalde.

Kommunedirektør Per Sverre Ersvik(Hustadvika kommune) er vald som leiar og May Helen Molvær Grimstad(HMR HF) som nestleiar for inneverande periode(2020 -2023).

### PARTNERSKAPSMØTE

Frå Partnerskapsmøtet 11/5-2022 i Ålesund vart desse sakene/tema løfta fram:

Informasjonen frå HMR: Revidert utviklingsplan til høyring, planlagde investeringar og utbyggingar ved sjukehusa, pandemisituasjonen, fødetilbodet i fylket, prioriterte satsingsområder i drifta, økonomiske rammevilkår, innføring av Helseplattformen og rekruttering av fagpersonell.

I sak frå kommunane vart det fokusert på kostnadspresset i dei kommunale helse- og omsorgstenestene i Møre og Romsdal og ulikskapen både mellom kommunar og samla forbruk samanlikna med kommunar i andre fylke.

Beate Huseby frå Helsedirektoratet presenterte samanstilling av aktuelle data som er tilgjengeleg. Partnerskapsmøtet gjorde vedtak om at SSU skulle arbeide vidare med å utarbeide statistikkar, data for aktivitetsutvikling og ressursbruk innan helse-omsorgstenestene i Helsefelleskap Møre og Romsdal.

Etter oppdrag frå partnerskapsmøte i 2021 til SSU, vart det lagt fram revidert mandat og oppgåvefordeling mellom dei ulike nivåa i helsefelleskapet. Partnerskapsmøtet vedtok framlagde endringar som ei presisering av korleis samarbeidsavtalen skulle praktiserast på området, men utan endring av sjølve samarbeidsavtalen. Dette vert å vurdere ved neste rullering.

Orientering om usemja mellom helseføretaket og kommunane om forståing av delar av gjeldande samarbeidsavtale vedrørende varsling og fakturering av utskrivingsklare pasientar. Forhandlingsutvalet/partane har hatt møte om saka, men er usamde om tolking av vedteken samarbeidsavtale. I oppfølging av tvisten fyl partane bestemmingane i samarbeidsavtalen kap 8, for å finne løysing og avklaring på tvisten.

Innlegg om kapasitetsutfordringar i helseføretaket og kommunane knytt opp mot utskrivingsklare pasientar. Manglande kapasitet i kommunane har konsekvensar for drifta og tilbodet i sjukehusa. Situasjonen mellom sjukehusa og ulike kommunar varierer i fylket.

Orientering om førebuingarbeid med innføring av Helseplattformen.

## UTVIDA SAMARBEIDSMØTE

Utvida samarbeidsmøte 26/10-2023 vart avvikla i Ålesund i forlenging av KS-samling for kommunane i Møre og Romsdal.

Agenda for samlinga:

- Utfordringar og moglegheiter for felles utviklings av helsetenestene – korleis skape resultat gjennom helsefelleskapet. Temaet vart belyst i panel der kommunalsjef i Kristiansund Siv Iren Stormo Anderson, administrerande direktør Øyvind Bakke i Helse Møre og Romsdal, fastlegerepresentant Stian Endresen og brukarrepresentant Paula Næss Skår deltok.
- Helsepolitiske føringar og satsingar i statsbudsjettet for 2023 ved Grete Teigland.
- Kor godt lykkes vi i styring av kostnadsutvikling og kvalitet i utvikling av helsetenestene ved regiondirektør i Møre og Romsdal Gunnar Bendixen
- Helseplattformen – erfaringar og status frå implementeringsarbeidet ved e-helsedirektør Helge Storøy i Helse Møre og Romsdal.

Frå evalueringa av Utvida samarbeidsmøte kom mellom anna fram sterke ynskje om tid til dialog og samling rundt runde bord, eit fysisk treffpunkt. Det kom fram delte meiningar om lengd på møtet, men dei fleste ynskjer heildagssamling, gjerne i

tilknytning til KS-samlinga.

Når store saker er på dagsorden må ein sette av meir tid for å sikre dialogen.

## STRATEGISK SAMARBEIDSUTVAL

Det er gjennomført 5 møter i 2022, av desse er 4 møter via Teams og eitt fysisk møte.

Rådgevar ved Volda sjukehus Mona Ryste, har vore leiar i utvalet. Tanja Thalèn, kommunalsjef Molde kommune har vore nestleiar.

Det har vore handsama totalt 42 saker.

Gjennom året har utvalet prioritert å gå gjennom og godkjenne handlingsplanar for dei 12 faglege samarbeidsutvala. Dette er oppfølging som del av samarbeidsavtalen. Det vart vedteke at årleg revisjon vert for omfattande, og at ein intervall på anna kvart år vil vere tilstrekkeleg. SSU vedtok at revisjon av handlingsplanane vert organisert gjennom rullering av 6 handlingsplanar pr. år. Av dei 12 fagutvala er 11 handlingsplanar godkjende i SSU i løpet av 2022.

Det er gjort vedtak med godkjenning av handlingsplan for :

- |                                       |       |
|---------------------------------------|-------|
| - Multisjuka og palliasjon            | 26/1  |
| - Barn og unge                        | 26/1  |
| - Psykisk helse og rus                | 26/1  |
| - Akuttmedisinsk kjede                | 26/1  |
| - Rehabilitering                      | 27/4  |
| - Helseberedskap                      | 27/4  |
| - Helsefremming og førebygging        | 14/9  |
| - Vaksenhabilitering                  | 14/9  |
| - Behandlarsamarbeid                  | 16/11 |
| - Svangerskap, fødsel og barselomsorg | 16/11 |
| - IKT og elektronisk samarbeid        | 16/11 |

I tillegg er 2 retningsliner godkjende;

- |  |       |
|--|-------|
| - Retningsline for langtidsmekanisk ventilasjon (LTMV) | 27/4  |
| - Retningsline for følgjeperson                        | 14/9. |

Andre større saker til handsaming har vore:

- Etter oppdrag frå PM i 2021. Innsending av høyringsvar til Nasjonal helse og sjukehusplan (samhandlingsplan) etter innspel frå LSU'ane.
- Etter oppdrag frå PM i 2021. Korrigerings av formål og oppgåver for dei ulike utvala i helsefelleskapet. Presisering og korrigerings av samarbeidsavtalen utan at denne er endra.
- Aktivitetsutvikling og ressursbruk i kommunane, samanlikning med andre fylke og regionar. Fokus på at omsorgstenestene i kommunane i Møre og Romsdal er vesentleg høgare enn i omkringliggende fylker. Arbeidet har søkt å finne gode forklaringar på forskjellane.
- Årsrapport helsefelleskap 2021

- Årsrapport samhandlingsavvik 2021. Kultur for melding av avvik er ei stor utfordring ved at delar av helsetenestene ikkje nyttar meldingsportalen i ALTINN. I vidare kartlegging er det og ynskjeleg med oppdeling av samhandlingsavvik knytt til kvart LSU-område mtp relevans og lokal oppfølging.
- Samarbeidsstrategi helsefelleskap. Oppnemning av nytt utval som skal legge fram felles handlingsplan for helsefelleskapet innan sommaren 2023
- Planlegging og oppstart av revisjon av samarbeidsavtalen.

SSU har ikkje handsama tvistesaker i 2022.

Samhandlingsavvik og forbetningsarbeid:

Samla årsrapport for samhandlingsavvik er p.t ikkje klar. Overordna prioriteringar samla for Møre og Romsdal og for dei einskilde LSU-områda er difor ikkje tilgjengeleg. Dette vil likevel vere ei prioritert oppgåve for å sikre gode helsetenester på alle nivå og mellom samarbeidande fagpersonell i Møre og Romsdal.

## SAMARBEIDSSEKRETERIAT

Sekretariatet konstituerer seg sjølv.

Samhandlingssjef HMR HF Eli Klara Otterlei vart leiar for 2021 og 2022.

Samarbeidssekretariatet er representert i det regionale nettverket i Midt-Norge og i nasjonalt nettverk for Helsefelleskap i regi av Helsedirektoratet.

Samarbeidssekretariatet har hatt 24 møter og handsama 147 saker. Arbeidet har i stor grad hatt som siktemål å førebu saker til partnerskapsmøte og strategisk samarbeidsutval, og syte for innkalling og gjennomføring av møta. Sekretariatet førebudde og ei uttale om Nasjonal helse- og sjukehusplan for handsaming i Strategisk samarbeidsutval etter invitasjon frå Helse og omsorgsdepartementet. Møta har i det vesentlege vore halde på Teams.

Det er gjennomført både Partnerskapsmøte og utvida samarbeidsmøte i 2022.

Samlingane har vorte planlagt i samarbeid med leiar og nestleiar for organet.

Sekretariatet har prioritert og lagt ned stort arbeid med å få godkjent handlingsplanane for dei 12 faglege samarbeidsutvala, og difor ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre årleg samling på tvers av dei faglege samarbeidsutvala dette året.

Det er i samarbeid med leiar og nestleiar gjennomført 5 møter i Strategisk samarbeidsutval i 2022 med siktemål å koordinere oppfølging av Samarbeidsavtalen og vedtak i Partnerskapsmøte.

Det er skrive referat og publisert saksdokument på [Helsefelleskap Møre og Romsdal - Helse Møre og Romsdal \(helse-mr.no\)](#)

Det vart utarbeidd felles rapport om samhandlingsavvik for 2022 som vart lagt fram for strategisk samarbeidsutval og lokale samarbeidsutval. Det vert arbeidd med å kunne dele rapporten opp for uttak av data for kvart sjukehusområde.

## LOKALE SAMARBEIDSUTVAL (LSU)

I helsefelleskapet for Møre og Romsdal er det per i dag fire lokale samarbeidsutval (LSU), knytt opp mot dei fire sjukehusa under Helse Møre og Romsdal.

Dei fire LSU'ane bidreg til å styrkje fokuset på samarbeid mellom sjukehusa og tilhøyrande kommunar rundt kvart av dei fire sjukehusa.

Alle LSU'ane har delteke på møter rundt høyringar og utarbeiding av tiltaksplanar i dei faglege samarbeidsutvala.

### LSU KRISTIANSUND

Leiar og nestleiar	Ingeborg Johnsrud Dyrnes, kommunalsjef Smøla kommune Kjell Å Bryn, seksjonsleiar BUP poliklinikk Kr.sund sj.h.
Møteaktivitet	6 møter, av dess 2 felles med LSU Molde
Tal saker	Samla 17 saker
Samhandlingssaker	Prosjekt: Plan for involvering av pårørende <i>Barn og unges helsetjeneste</i> , forankringsarbeid i helsefelleskapet Samhandling knytta til pasientar dømt til tvungent psykisk helsevern Avvikshandtering Samhandling knytt til SNR og samarbeid mellom LSU'ane
Samhandlingsresultat	Felles fokus på tiltak rundt dei 4 prioriterte pasientgruppene Utarbeidd tiltak for betre involvering av pårørende <i>Barn og unges helsetjeneste</i> - Semje om 7 pasientforløp med definering av oppgavedeling mellom helsenivåa Planlegging av fagdag knytta til pasientar dømt til tvungent psykisk helsevern
Vidareføring av tiltak 2023	<i>Barn og unges helsetjeneste</i> Plan for involvering av pårørende Samhandling rundt pasienter dømt til tvungennt psykisk helsevern

## LSU MOLDE

Leiar og nestleiar	Tanja Talén, kommunalsjef Molde kommune Trude Solenes, avd.sjef sengepost Klinikk SNR Molde sjukehus
Møteaktivitet	8 møter, av desse 2 felles møter med LSU Kr.sund.
Tal saker	Samla 39 saker, av desse er 20 vedtakssaker
Samhandlingssaker	Frå floskel til handling – Rett pasient på rett sted. Tidleg mobilisering av pasientar ved innlegging i sjukehus Auke talet på uteksaminerte vernepleiarar og sjukepleiarar frå HiMolde Tiltak for å redusere antall utskrivingsklare pasientar Kartlegging av årsakene til de høye kostnadene innen pleie- og omsorg i Romsdalskommunene.
Samhandlingsresultat	Medverka i høyringar av handlingsplanar i faglege samarbeidsutval. Felles fokus på samhandlingsutfordringar, frå ord til handling
Vidareføring av tiltak 2023	Vidareføring av samhandlingssakene vist til over

## LSU VOLDA

Leiar og nestleiar	Renathe Rossi, kommunalsjef Herøy kommune Mona Ryste, rådgjevar Klinikk Volda sjukehus
Møteaktivitet	5 møter, 1 teamsmøte elles 4 fysiske møter der ein vekslar mellom møte på sjukehuset og i kommune
Tal saker	46 saker, herav 23 vedtakssaker
Samhandlingssaker	Utarbeiding av felles strategi for samhandling med fokus på kulturbygging og fagleg fokus på dei nasjonalt 4 prioriterte pasientgruppene Felles mobilisering kring desentralisert sjukepleie- og vernepleieutdanning saman med HiVolda Felles kompetanseplan i samarbeid med HiVolda Gjennomgang av samhandlingsavvik
Samhandlingsresultat	Rett pasient på rett stad til rett tid – få utskrivingsklare pasientar i sjukehuset Gjennomføring av fagdaggar, geriatri, psykiatri og BUP Samarbeid om tilsetting av LISi-legar Oppstart deltaking i prosjekt om Digital heimeoppfølging
Vidareføring av tiltak 2023	Desentralisert vernepleie- og sjukepleieutdanning Felles strategi for smahdling, ma med felles fagdaggar Gjennomføring prosjekt Digital heimeoppfølging



## LSU ÅLESUND

Leiar og nestleiar	Synnøve Vasstrand Synnes, kommunalsjef Ålesund kommune Siri Talseth Frilund, avd.sjef medisin Klinikk Ålesund sjukehus
Møteaktivitet	4 møter, av desse 2 fysiske i Giske og Fjord kommunar
Tal saker	28 saker inkludert høyringar
Samhandlingssaker	Utarbeiding av Retningsliner for langtidsmekanisk ventilasjon (LTMV) Handsaming av retningsliner om bruk av kommunalt følgjepersonell som er til behandling i HMR HF Planar for å møte dei demografiske endringane dei neste 10-20 åra og vurdering av moglege samarbeidsprosjekt Bruk av ØHD/KAD-senger Forbetringsarbeid ved bruk av avviksregistrering
Samhandlingsresultat	Betre kjennskap til kvarandre Informasjon om pasientretta opplæring frå LMS Godkjenning av retningsliner for LTMV i SSU

## FAGLEGE SAMARBEIDSUTVAL

Faglege samarbeidsutval utgjer den faglege kjernen i helsefellesskapet og legg fram forslag som kan fremje pasientforløpa og det daglege samspelet mellom sjukehus, kommunar, fastlegar og anna helsepersonell.

Dei faglege samarbeidsutvala har jobba godt med revisjon av handlingsplanar og fleire av utvala har just planane etter ny mal vedteke i Strategisk samarbeidsutval

Dei faglege samarbeidsutvala har i varierende grad valt å slutføre påbegynte aktivitetar framfor å prioritere oppstart av aktivitetar knytt til dei fire nasjonalt prioriterte pasientgruppene.

Det vil vere behov for å styrkje fokus på systematisk forbetringsarbeid i pasientforløpa, her under målbare resultat/effekt.

Fleire av dei faglege samarbeidsutvala har overlappende oppgåver og ansvar, eller tiltak som grip inn i andre sine fagområde. Dette vert opplevd som utfordrande for forståing og utøving av mandatet som ligg enkelte av utvala.

Nedanfor er dei einssilde utvala kort presentert. Det er innhenta rapport frå utvala for hjelp til presentasjon i årsmelding. Der dette manglar er det gjengitt kortform frå tiltak i handlingsplan til det aktuelle faglege samarbeidsutvalet. Rapportane frå utvala er vedlagt årsrapporten.

### FSU BARN OG UNGE

Leiar og nestleiar	Lene Solheim (Ålesund) og Manuela Strauss (HMR)
Møteaktivitet	4 møter, 2 av desse på teams
Godkjend handlingsplan	26.01.2022
Viktigaste tiltak i planen	Årskonferanse for alle som jobber med barn og unge i M&R Klargjere koordinatorrollene og KOE i kommune og HMR Prosjekt – Barn og unges helseteneste i M&R Systematisk dialog rundt uavklarte tilstander Gode overgangar frå barn til voksen
Resultat og vidareføring av tiltak 2023	Digital årskonferanse for kunnskaps- og informasjonsdeling Arbeid med tydeleg rolleavklaring og ansvarsfordeling Følgje opp etableringa av palliativ plan

### FSU BEHANDLERSAMARBEID

Leiar og nestleiar	Stian Endresen (PK) og Mariann H Gammelsæter (HMR)
Møteaktivitet	4 møter, herav 2 møter knytt til Møteplass M&R
Godkjend handlingsplan	16.11.2022
Viktigaste tiltak i planen	Bruke Møteplass Møre og Romsdal for beskriving av oppgavefordeling mellom pasient/pårørnde, fastlege, kommunehelsetjeneste og spesialisthelsetjenesta Sikre involvering ved arbeid med ny oppgavefordeling gjennom fagdager, fagmøter og hospitering Arbeide for etablering av fast møtepunkt med andre fagråd i Helse Midt Norge

### FSU PSYKISK HELSE OG RUS

Leiar og nestleiar	Line Lingen (HMR) og Anders Høe (Hustadvika)
Møteaktivitet	2 møter
Godkjend handlingsplan	26.01.2022
Viktigaste tiltak i planen	Kartlegging av status gjennom questback undersøkelser Samarbeide med LSU for prioritering av prioriterte forbedringsprosjekt som skal gjennomførast lokalt Utvikling av aktuelle samarbeidsfora Kartlegge behov for aktuell kompetanseutvikling for helsepersonell og brukarar og påørnde

### FSU ELDRE MULTISJUKE, STORMOTTAKARAR OG PALLIASJON

Leiar og nestleiar	Tanja Alme (Sula) og Bardo Driller (HMR)
Møteaktivitet	2 digitale møter med tillegg av fleire ad-hoc møter
Godkjend handlingsplan	26.01.2022
Viktigaste tiltak i planen	Forhåndssamtaler – «Hva er viktig for deg» - samtaler

	<p>Palliativ plan, utbedring av web-side          Informasjonssatsing, utarbeiding av brosjyre og film          Pasientforløp for den eldre multisyke          Kompetanse på rett sted          Bruk av velferdsteknologi          Medvirkning Helseplattformen, ACP/palliativ plan</p>
Resultat og vidareføring av tiltak i 2023	<p>Gjennomført workshops og digitale samlingar          Bidratt med rettleiing lokalt, regionalt og nasjonalt          Medverka til gjennomføring av nasjonal pallisjonskonferanse i Molde          Deltakarar aktive i ulike prosjekt:          - Heimeoppfølging av skrøpelege eldre/pasientsentrert helsetenesteteam          - Pasienttryggleiksprosjektet – korleis kroppen reagerer på cellegift          - Innføring av «Pakkeforløp hjem kreft»</p>

### FSU REHABILITERING

Leiar og nestleiar	Anne Hollingen/Eirin Liadal (HMR) og Runa Bakke (Herøy)
Møteaktivitet	12 møter
Godkjend handlingsplan	27.04.2022
Viktigaste tiltak i planen	<p>Kartlegging av rehabiliteringsplanar i kommunane          Arrangere felles fagdag / rehabiliteringskonferanse          Gjere seg digitalt tilgjengeleg med kontakt- og søknadsinfo          Felles retningslinjer for ansvarsfordeling          Etablere felles samhandlingsarena mellom kommunar og HMR          Utvikle alternativ til døgnbehandling, td bruk av velferdsteknologi og ambulante tenester</p>

### FSU VAKSENHABILITERING

Leiar og nestleiar	Ina Killingrød Greve (Vestnes) og Torhild Hjelseth (HMR)
Møteaktivitet	3 møter, av desse to digitale
Godkjend handlingsplan	14.09.2022
Viktigaste tiltak i planen	<p>Tydeleg ansvarsfordeling mellom helsenivåa          Forutsigbare og koordinerte tenester          Skape samarbeidsarena, m.a arrangere felles fagdag          Fremme utdanning og kompetanseheving          Implementering av nasjonale rettleiarar for aktiv bruk</p>

## FSU KUNNSKAPSOVERFØRING, FORSKING OG UTDANNING, SAMT PRAKSISKONSULENTORDNINGA

Leiar og nestleiar	Håvard Frisvold Kvisvik (Gjemnes) og Ole Lorvik (HMR)
Møteaktivitet	4 møter, av desse 1 teamsmøte
Godkjend handlingsplan	Ikkje godkjend handlingsplan
Viktigaste tiltak i planen	Starta arbeid med handlingsplan. Prioriterer samstemming av denne opp mot tiltak i andre handlingsplanar i helsefelleskapet, særleg mot dei 4 prioriterte pasientgruppene. Venta ferdigstilling mars 2023
Resultat og vidareføring av tiltak 2023	Utvalet har drøfta sin plass og sine oppgåver sett i forhold til andre overlappende faglege utval.

## FSU SVANGERSKAPS-, FØDSELS- OG BARSELOMSORG

Leiar og nestleiar	Elin Hansen Ytterbø (HMR) og Elisabeth H Sogge (Molde)
Møteaktivitet	6 møter
Godkjend handlingsplan	16.11.2022
Viktigaste tiltak i planen	Forebygge vold i svangerskapet og mot de minste barna God ammestart og oppfølging av amming/ernæring Tilrettelegging for partners plass i svangerskaps-, fødsels- og barselomsorgen Kartlegge og følgje opp kvinners psykiske helse i svangerskap, under fødsel og i barseltid Forebygge rusrelaterte skader i graviditet og småbarnstid Tilrettelegge for familiar med fleirkulturell bakgrunn

## FSU IKT-LØYSINGAR OG ELEKTRONISK SAMARBEID

Leiar og nestleiar	Odd Arne Maridal (HMR) og Ann Kristin Røyset (Ålesund)
Møteaktivitet	2 møter
Godkjend handlingsplan	
Viktigaste tiltak i planen	Innføring av Helseplattformen Videreutvikling av velferdsteknologi / utadvendt sjukehus Utnyttelse av Teams og andre samhandlingsverktøy Økt dialog og samhandling mellom IKT-miljøene i primær- og spesialisthelsetjenesten Koordinert arbeid om bruka av data på tvers av aktører Vedlikehald og utvikling av e-meldingar

## FSU SAMARBEID OM HELSEFREMMEDE OG FØREBYGGENDE HELSEARBEID

Leiar og nestleiar	Merete Kløvning (Ålesund) og Eli-Bente Langva (HMR)
Møteaktivitet	4 møter med tillegg av møter i arbeidsgrupper i utalet
Godkjend handlingsplan	14.09.2022
Viktigaste tiltak i planen	Sikre fokus på forebygging og helsefremmende tiltak i sjukehus og kommuner  Sikre god helsekompetanse gjennom - synleggjering av kurs og mestringstilbud til pasientar, samarbeid mellom LMS og kommunane - grunnkurs i helsepedagogikk for helsepersonell - arrangere årleg nettverkssamling for helsepersonell - pasient- og pårørandeopplæring i aktuelle pakkeforløp - fremme kunnskap om ivaretaking av pårørande
Resultat og vidareføring av tiltak 2023	Nytt arbeid i utvalet. Utarbeiding og godkjenning av handlingsplan har hatt hovudfokus.

## FSU BEREDSKAPSPLANER

Leiar og nestleiar	Hans Olav Ose (HMR) og Harald Digernes (Rauma)
Møteaktivitet	4 teamsmøter
Godkjend handlingsplan	27.04.2022
Viktigaste tiltak i planen	Kartlegging av ROS-analyser Oppfølgingsplan etter nasjonal helseøvelse 2018 Planlegging av fagdag 2023

## FSU AKUTTMEDISINSK KJEDE

Leiar og nestleiar	Erlend Bae (Volda) og Knut Erik Skogheim (HMR)
Møteaktivitet	
Godkjend handlingsplan	26.01.2022
Viktigaste tiltak i planen	Betre elektronisk utveksling av opplysningar mellom AMK og LVS Etablere rutinar for bruk av videokonferanse i tenesta Etablere forpliktande samhandlingsmøter for dei prehospitale tenestene Auke kompetanse gjennom samtrening mellom legevakt, ambulanse og andre nødetatar Felles fagdag for aktuelle aktørar

## UTVIKLING OG BEREKRAFT

Utvikling av felles indikatorar for måling av aktivitet, ressursbruk og kostnader har vært gjennomgåande tema på fleire møter i 2022. Det har vore henta inn ekspertise frå sentrale helsemynde for avklaring på status for tilgjengelege indikatorar. Ulike kommunale initiativ har vore utgreia og dels gjennomført. Helseføretaket har på si side tilgong til lokal, regional og nasjonal statistikk som underlag for styring, planlegging, finansiering og kvalitetsutvikling. Det er ynskjeleg å kunne samanstillе versemidsstatistikk for kommunane og Helse Møre og Romsdal, og geografiske samanlikning av kostnadsnivå med andre regionar i Norge.

Helsedirektoratet anbefaler at det vidare vert fokusert på statistikk retta mot dei fire prioriterte pasientgruppene som er omtalt tidlegare.

FN sine bærekraftsmål trer stadig tydelegare fram som ramme for økonomisk utvikling og krav til bevaring av natur og miljø. Eksisterande ressursar skal forvaltast i samsvar med desse måla.

I helsefellesskapet er det gjennomført eit evalueringsarbeid som m.a kan få fram ressursbruk og resultatoppnåing. Prioritering av berekraft i helsefellesskapet kan støttast opp av innleiande analyser som partane kan einast om. Ei slik tilnærming kan t.d innebere bruk av LEON-prinsippet og LEAN-løysingar.

I dei faglege samarbeidsutvala fin vi eksempel på ny teknologi som kan redusere behov for arbeidskraft, energiforbruk og utslepp, både innan velferdstenestene og i heimesjukehusløysingar. Overgang til digitale møte i helsefellesskapet er eksempel på ei meir berekraftig samarbeidsform.

Partnarane i helsefellesskapet har for lengst erkjent utfordringane knytt til rekruttering og bemanning som følgje av demografisk og fagleg ekspansjon. Det vil bli mangel på fastlegar, sjukepleiararar, jordmødre og legespesialistar m.v. Utfordringa er nasjonal, og rammer Møre og Romsdal i ulik grad lokalt. Sjukehusa og kommunane samarbeider om utdanning og spesialisering, men konkurrerer også om kvalifisert arbeidskraft. Den berekraftige tilnærminga tilseier at betre og meir heilskaplege pasientforløp i helsefellesskapet, i større grad må skje med den same eller med lågare personelldekning.

Nedanfor omtalast eit initiativ til ein felles handlingsplan for helsefellesskapet. Den ferdige planen har som mål å kunne vise ulike indikatorar for oppnåing av berekraftsmål innan økonomi, utnytting av tilgjengelege ressursar og kvalitet.

## POSTPANDEMISKE TILPASSINGAR

Covid-19 pandemien gjekk vesentleg i retur i 2022. Sjukehusa rapporterte om sjukefråvær og kapasitetsbrest i forlenginga av at smittevernrestriksjonane blei oppheva. Som følgje av pandemien ble aktivitetskrava til helseføretaket mellombels

nedjustert. Udekte tenestebehov måtte i større grad kompenseres av kommunane og fastlegane. Auka press på kommunane for mottak av utskrivingsklare pasientar.

Pandemien medførte auke i bruk av digitale løysningar til kommunikasjon, opplæring og møte. I sum blei personellressursar frigjort til meir pasientrettet arbeid. Denne effekten antar ein å vil vere varig og styrka. Både kommunane og helseføretaket har delteke i førebuingane til innføring av Helseplattformen og brukt av ordinære personellressursar som har gått på kostnad av ordinær tenesteyting i 2022.

I sum er dt grunn til å tru at knappheit på ressursar under og etter pandemien, har ført til auka kreativitet innan nyskaping og effektivisering, samstundes som det er registrert sviktande gjennomføringsevne på andre område og som kan ha ramma mindre forpliktande utviklingsretta oppgaver innafor det avtalte samarbeidet i helsefellesskapet.

## UTVIKLINGSPLANAR

I samsvar med endringar i Helse- og omsorgstenestelova i 2021 gjorde Strategisk samarbeidsutval vedtak i 2022 om å utarbeide eigen felles handlingsplan for helsefellesskapet Møre og Romsdal. Denne skal leggest fram for Partnerskapsmøte i løpet av 2023. Planen skal samanstille og formulere felles satsingsområde for utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal, og kommunane sine helse- og omsorgsplaner. Det vert forventa at felles handlingsplan skal vere retningsgivande for alle nivå i helsefellesskapet framover gjennom årlege revisjonar.

De tolv faglege samarbeidsutvala har utarbeida med handlingsplanar for sine gjeldande mål og oppgåver for 2022 og for dei kommande to åra. Planane kan lesast på felles webside for Helsefellesskapet som er å finne på nettsidene til Helse Møre og Romsdal: [websider https://helse-mr.no/fag-og-forskning/samhandling/helsefellesskap-more-og-romsdal/faglige-samarbeidsutval](https://helse-mr.no/fag-og-forskning/samhandling/helsefellesskap-more-og-romsdal/faglige-samarbeidsutval)

## ARBEIDSFORM

Den valde organisasjonsmodellen for helsefellesskapet gir klare rammer for arbeidsforma, som er tilpassa mandat og oppgåver for dei ulike organisasjonsledda. Innføring av ein felles mal for handlingsplanar for de faglege samarbeidsutvala har gitt en meir strukturert og målstyrt arbeidsform. På nivå 1 (Partnerskapsmøte), nivå 2 (Strategisk samarbeidsutvalg) er ein strukturert saksflyt, med saksdokument som er tilgjengeleg på felles teamsområde. Nivå tre (Lokale samarbeidsutval) og faglege samarbeidsutval løyser sine oppdrag på litt ulikt vis, men tilpassar arbeidsforma slik det einiskilde utvalet finn føremålstenleg. Møta avviklast både fysisk og digitalt.

## ØKONOMI

Hovudkostnadane knytt til arbeidet i helsefellesskapsstrukturen vert dekkja av partnerane. Det vert ikkje ført rekneskap knytt til ekstern prosjektstøtte.

Ordninga for statleg finansiert felles sekretariatsfunksjon kom i gang frå 2022. Som ein del av vertskapsrolla som Ålesund kommune skal ha for Felles sekretariatsfunksjon for Helsefellesskap Møre og Romsdal, vert det fom 01.12.21 ført rekneskap for refusjon til fastlegar og brukarrepresentantar for kommunalt nivå.

Praksiskonsulentar tilsvarande 1,3 stilling vert delfinansiert mellom helseføretaket og kommunane.

## TEKNOLOGI

Helseplattformen vil bli innført tidlegast i 2023 i fylket. Løysinga er eit nasjonalt pilotprosjekt for Ein innbyggjar – ein journal. Ein forventar at samhandlinga mellom kommunar, sjukehus, fastlegar og brukarar vert vesentleg endra etter dette.

## Årsrapport 2022 Helsefellesskap Møre og Romsdal

**Signatur**

---

**Signatur**

---